

Arkivnr: 2019/11402-6

Saksbehandlar: Eirik Knive

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.11.2019
Fylkesutvalet		21.11.2019

**Søknad om tilskot til kjøp av ny arbeidsbåt til arbeidet med marin forsøpling****Samandrag**

Bergen og Omland friluftsråd søker i brev av 27. mai 2019 Hordaland fylkeskommune om kr 500.000 i tilskot til kjøp av ny arbeidsbåt til arbeidet med marin forsøpling.

Bergen og Omland friluftsråd har fått ei gåve frå Sparebankstiftinga SR-Bank på kr 500.000 til ein ny båt, Arronet 23,5 CC, som skal inngå i arbeidet mot marin forsøpling i Bergensregionen, hovudsakeleg i kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Gåva må nyttast innan 2019. Den nye arbeidsbåten skal styrke forvaltninga av friluftsområda og driftsoppgåvene innan Skjærgardstjenesta, med hovudfokus på marin forsøpling. Båten vil og vere ein ressurs for Interkommunalt utval mot akutt forureining. Bergen og Omland friluftsråd har eit tilbod frå leverandør på den type båt med samla kostnad på kr 1.429.000.

**Økonomi:** Løyving frå fylkesutvalet sin rådveldekonto over budsjettpost 10.720.200.00.14900

**Klima:** Tiltaka vil bidra til å betre handtering maritimt avfall.

**Folkehelse:** Tiltaka er i hovudsak knytt til auka maritim avfallshandtering.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga bidreg til å realisere mål 2.2 eit inkluderande samfunn ved strategi, 2: Å styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljøet. Aktivitetar i nærmiljøet bidreg til å styrke sosiale relasjonar gjennom verdifulle og helsefremjande opplevingar.

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet løyver kr 300.000 i tilskot til Bergen og Omland friluftsråd til innkjøp av arbeidsbåt til innsatsen mot marin forsøpling og auka forvaltning av friluftsområda i Bergensregionen.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 300.000

Konto 10.400.450.03.14700 Bergen og Omland friluftsråd aukar med kr 300.000

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 25.06.2019**

Bergen og Omland friluftsråd er eit interkommunalt friluftsråd med 17 medlemskommunar i Hordaland. Hovudoppgåvene til friluftsrådet er sikring av nye areal til friluftslivsbruk, tilrettelegging, forvaltning og drift av 239 friluftslivsområder, i tillegg til informasjon og rådgjeving i friluftsliv.

Bergen og Omland friluftsråd forvaltar over 100 båtutfartsområder som inngår i den nasjonale Skjærgardstjenesta. Skjærgardstjenesta har dei siste åra fått meir ansvar i høve marin forsøpling og er i dag eit viktig reiskap i opprydding av strandsona og i kampen mot plast og anna herrelaust gods som forureinar langs kyst, strand og fjord. Bergen og Omland friluftsråd har teke ei stor og viktig koordineringsrolle i arbeidet mot marin forsøpling i samarbeid med det marine fagmiljø (NORCE, UIB, Havforskningsinstituttet), dei lokale renovasjonsselskapa, kommunane, Hold Norge rent, Vestlandsrådet, lag og foreiningar og mange frivillige. Samarbeidet er kjent som Hordalandsmodellen - sjå [www.bof.no](http://www.bof.no) for meir info.

Bergen og Omland friluftsråd ønskjer å styrke denne innsatsen ytterlegare i åra framover. I kommunane Fjell, Sund og Øygarden forvaltar friluftsrådet ein rekke friluftsområder som er kjerneområder for tilførsel av oversjøisk marin forsøpling, kor den årlege tilkomsten av nytt avfall er stor. For å styrke kapasiteten til ryddeaksjonar i fleire hundre viker og bukter på vestsida ut mot havet, treng friluftsrådet ein funksjonell båt med transportkapasitet for frivillige/evevar og transport av innsamla plast og avfall. Båten er tiltenkt heimehamn i Møvik i Fjell kommune.

Båten Bergen og Omland friluftsråd søker støtte til har desse eigenskapane samt ein praktisk baug-lem som gjer det enkelt å leggje til i fjærer og mot svaberg. Finansieringa av båten er planlagt ved kr 500.000 i gåve frå Sparebankstiftelsen SR-Bank, kr 285.800 i momsrefusjon, kr 143.200 i egne midlar, samt at dei søker Hordaland fylkeskommune om kr 500.000 til restfinansiering.